

Klatrespel og dugnad i Børsdalen på laurdag.

23.06.2017



Laurdag er det klatredugnad i Børsdalen.

Tilreisande kjem frå heile verda for å klatre i fjella våre. Derfor er det mest utruleg at vi til no ikkje har klart å få eit utandørs klatremiljø her i Uskedalen. Dette vert det forhåpenlegvis ei endring på no. Klatregruppa som til no har vore mest aktive innandørs, har no planar om å utvikla aktiviteten med nye tilbod også utandørs. Laurdag er det derfor dugnad.



Torsdag var klatregruppa og gjorde klart til dugnaden.

Klatregruppa har no funne eit felt i Børsdalen som er godt eigna til å verta eit område for klatring og buldring. Dei tenkjer å utvikla det med nokre toppanker, toppfeste og spennande bulder for både store og små! Torsdag var medlemmer i klatregruppa på plassen og gjorde klart til dugnad. Dei hengde opp 4 topptau og renska ut alt av lause steiner og det verste av ville vekstar! Dei ser at dette kan bli veldig bra!

Laurdag er det klart for dugnad. Då oppfordrar dei alle interesserte til å møta opp ved kalkestasjonen på

Haugland kl.11.

- Ta med tannbørste, stålbørste, spett, sag, brekkjern og det du måtte ønske! Gapahuk er aldri feil! Eventuelt klatreutstyr. TA MED godt humør og møt opp! Vi møtes ved kalkstasjonen kl 11:00 på lørdag, skriv dei i invitasjonen og legg til at det kan verta litt 'grisearbeid' så ein bør kle seg ut frå det.

- Vi gleder oss til å starte sessongen ute om det regner, snør eller ei! avsluttar klatregruppa meldinga.

Dei som stiller opp på denne dagnaden, vil vera med og skapa eit nytt attraktivt tilbod i Kvinnherad.

De finn meir info om aktiviteten i klatregruppa ved å følgja facebookgruppa, Klatregruppa i Uskedalen.

Når vi først skriv om Uskedalen og klatring, nemner vi at DNT fjellsport Bergen sitt årlege vekeskurs i klatring for nybyrjarar i Uskedalen startar mandag førstkommande, og allereie no er det berre att 10 ledige plasser til Basecamp Uskedalen som dei arrangerer i september.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Klatregruppa